



Parkeringsplassane er godt skilta.

Elvefiske opna i natt kl. 00.00. Turke og lite vatn gjer at opninga vart utsett frå 1. juni til i dag 18. juni. Videoovervakinga i Djupehølen held fram. Fire kamera har filma, tald og registrert all fisk som har gått opp og ned i elva. Målet med registreringa er mellom anna å finna meir ut av fisken sine vandreruter. Det er Skandinaviske naturovervaking som utfører sjølve registreringa.

Elveeigarlaget har førebudd fiskesesongen med god skilting på parkeringsplassane. På heimesida deira kjem det fram at målet er parkering og trafikk som ikkje er til hinder for allmenn ferdsel og gardsdrifta. Fiskarar i bular ver synt til campingplass med oppstillingsplass for større køyretøy.

Anders Lamberg i Skandinaviske naturovervaking fortel til Uskedalen.no at registreringa tok til 26. april og har pågått heile tida, sjølv om flaumen reiv ned det ein kallar ledegjerde to gonger. Fire kamera på botnen registrerer all fisk som går opp og ned i elva. Eit ledegjerde er monterert for at fisken skal bli fanga opp av filminga. Sjølv om ledegjerde har vore nede to gonger, er filminga intakt.

Resultata vert lagra i ein database. Det vert teke 3 bilete pr. sekund heile døgeret av fire kamera. Interesserte fiskarar kan gå inn på nettet og sjå fisken i elva. Så langt er det gode resultat frå filminga i Uskedalen.

Fylkesmannen sin miljøavdelinga støttar tiltaket som er igangsett av oppdrettsnæringa i Hardangerfjordområde. All registrering vert samla i ein kunnskapsinkubator og det vert utarbeidd rapport frå arbeidet, slik det før er gjort i Granvinselva.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



All fisk, som går opp i elva, er filma og registrert sidan oppstarten 26. april i år.